

Høyringsuttale til

Økt bruk av konfliktråd, rapport fra arbeidsgruppe som har vurdert rettslige og praktiske tiltak for meir bruk av gjenopprettande prosess

Oppgåver for konfliktråd

I denne rapporten vert det presentert mange gode forslag, som vi vil gje støtte til.

Vi vil spesielt peike på framlegg til nytt kapittel 1: Konfliktrådets oppgaver: Der står m. a:

Konfliktrådet har til oppgåve å arrangere møter mellom parter...

Konfliktrådet skal legge til rette for at partene selv skal kunne komme frem til en frivillig løsning på konflikten gjennom møte i konfliktrådet.

Dette er i tråd med slik praksis i konfliktråd har utvikla seg, ei slik klargjering er god å halde seg til for både brukarar, meklarar og tilsette.

I § 4, framlegg til nytt kapittel: *Gjenopprettende prosess*, er også ei naudsynt klargjering av konfliktrådet sine oppgåver.

Møtestad

Nytt kapittel III, § 8 : *Møtested*, er nyttig endring: Det er heilt klart mest rimeleg at møte mellom partane i utgangspunktet vert lagt til den kommunen der klagar bur eller oppheld seg.

Juridisk bistand

Nokre punkt i nytt lovforslag synleggjer nye utfordringar:

§10: Juridisk bistand. Partene har rett til å søke juridisk bistand i forbindelse med møte i konfliktrådet. Kva inneber det i praksis? Om det tyder at jurist skal møte i mekling, tenkjer eg det vert vanskeleg for vedkomande å ikkje prosedere saka i meklinga.

§14: Konfliktrådets adgang til å underkjenne avtalen. 2. ledd: I særlige tilfeller kan konfliktrådslederen oppheve avtalen innen en uke etter avtalen kom inn til konfliktrådet. Det er bra at dette punktet er teke inn. Fristen på ei veke er for kort dersom det er forhold som må avklarast med andre instansar. Her bør det vere to veker evt. tre veker. I tillegg bør vi då ha tilgjengeleg kompetanse som kan bistå.

Til både § 10 og §14: Kva vil dette krevje av tilsette og meklarar? Stikkord: omfang, kostnad, kompetanse, regelverk, lekmannsordning, partane ei eiga avtale?

Offerlause lovbrøt

At det blir muleg å ha møte i konfliktråd som reaksjon på ”offerløse lovbrudd” kan synest rett i mange tilfelle, som til dømes unge som gjer tjuveri av køyretøy og køyrer utan førarkort, triksing med id kort, osv. Vi må likevel sjå dette opp mot at erfaring i konfliktråd viser at suksessfaktor i konfliktrådsmøte er det personleg møte mellom partane. Det personlege møte er grunnlag for konfliktrådet sitt arbeid, og må ikkje utholast. Kanskje det må vere ope for ein stor grad av skjønn frå politiet si side i slike saker? I desse sakene er ofte

alternativet bot, då tykkjer eg det er mykje betre at ein som er berørt stiller i mekling i staden for eit "offer". Formålet er jo at ungdom skal lære av feil som er gjort.

Rimeleg avtale / forsikring:

Vi har gjentekne gonger hatt utfordringar med skadeverk som inneber store erstatningsbeløp (opp til 50 000 kr.), både der forsikring er brukt, og der det ikkje er brukt. Problemet her er: korleis skal meklaren i saka kunne seie kva som er ein rimeleg avtale eller ikkje? Påklaga er gjerne mindreårige, eller arbeidslaus ungdom utan fast inntekt og utan nettverk rundt som kan støtte.

Ofte stiller ikkje forsikringsselskap i mekling, men vil avvente og sjå kva som vert avtalt i møte. Deretter ynskjer dei å vurdere om regresskrav skal gjerast gjeldande. I slike saker er det svært vanskeleg å klare å ivareta begge partar då det er usikkert kva som kan skje i etterkant (regresskrav eller ikkje). Dersom regresskravet vert gjort gjeldande risikerer påklaga nærmast å få "dobbelstraff". Dersom påklaga ikkje innfrir ein evt. avtale vert klagar skadelidande.

I desse sakene kunne det vore ynskjeleg med klarare retningslinjer for alle partar.

Takk til arbeidsgruppa

Avslutningsvis vil eg gje uttrykk for at vi set stor pris på arbeidet gruppa har gjort, og håpar at arbeidet vil føre til auka bruk av konfliktråd.

Førde 24. febr. 2012

Laila Oppedal

Konfliktrådsleiar Sogn og Fjordane